



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1049 - 16/15273

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.06.2016

Løyve til etablering av veg - gbnr 137/28 Alver.

Administrativt vedtak. Saknr: 272/16

Tiltakshavar: Reigstad Bygg og Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av veg i samsvar med godkjend reguleringsplan på gbnr 137/28. Det vert vist til søknad motteke 23.03.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.03.2016 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Alverneset med arealplanID 1263-2014-02. Arealet er regulert til veg.

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med reguleringsplanen og krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr 137/165 ved e-post av 09.03.2016. I merknaden står det følgjande:



1) På mottatt nabovarsel/tegning D-1 er det ikke vist eksisterende godkjent utkjørsel til eiendom gnr 137 bnr 165. Eksisterende utkjørsel til 137/165 ligger få meter/rett over ny foreslått utkjørsel til 137/28. Ser det som hensiktsmessig at kartet D-1 & E-1 vegplan oppdateres med den hensikt å få en god oversikt over eksisterende utkjørsel til 137/165 & ny planlagt utkjørsel til 137/28 i tett tilstøtende område.

2) På mottatt nabovarsel/tegning D-1 er det indikert grått skravert grunn/annen teknisk grunn i innkjørsel på eiendom 137/165. Dette anses å være noe galt plassert. Ny off.avløp & vannledning er lagt i vegbane.

3) Mottatt kart viser ikke eiendomsgrenser til g.nr 137 b.nr 165.

Oppmoder om å oppdatere kartet D-1/reguleringsplan & E-1 vegplan med mine merknader 1,2 & 3.

Vedlagt tegning som viser utkjørsel for 137/165, Isdalstøbakken 50 AB.

Ansvarleg søker har kommentert nabomerknad ved e-post datert 16.03.2016 der dei skriv at tilhøva som nabo tar opp i hovudsak gjeld den vedtekne reguleringsplanen og ikkje det omsøkte tiltaket. Det har vore ytterlegare kommunikasjon mellom nabo og tiltakshavar, jf e-postar datert 17.03.2016.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i vegplan datert 23.02.2016.

Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant for tiltaket. Etablering av VA-anlegg på eiegenomen er søkt om og vert handsama i eiga sak. Godkjend VA-rammeplan ligg føre.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Avkjørsle til offentlig veg følger av godkjent reguleringsplan.

Terrenghandsaming

Teikningsdokumentasjonen viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Omsøkte mur er del av vegfundamentet og vert ikkje omfatta av avstandskrava i punkt 2.1.2 i planen.

Nabomerknad

I merknad frå nabo på gbnr 137/165 vert det tatt opp

- at avkjørsle til eiegenomen gbnr 137/165 ikkje er vist verken på reguleringskartet eller vegplanen som følger nabovarselet
- at avkjørsle til eiegenomen gbnr 137/165 i reguleringsplanen er avsett til annan teknisk grunn og
- at mottatt kart ikkje viser eiendomsgrensene til nabo sin eiegenomen.

Merknadane gjeld i hovudsak tilhøve som er knytt til den godkjende reguleringsplanen. Dette er tatt opp med planavdelinga, som i uttale datert 07.06.2016 skriv:

«Når det gjeld avkøyrsla til 137/165, så er denne ved ein feil vorte regulert til anna veggrunn i reguleringsplan for Alverneset. Det er levert inn kartgrunnlag for å kunne gjere ei administrativ reguleringsendring, slik at avkøyrsla vert regulert inn slik den ligg i dag. Endringa skal gjerast av planavdelinga så snart som råd. «

Reguleringsplanen, vedtatt 21.01.2016, for Alverneset er eit juridisk bindande dokument for utbygging innanfor området. Omsøkte tiltak er i samsvar med gjeldande plan. Merknadane gjeld i hovudsak planmessige tilhøve som det vert arbeidd med for å retta opp. Administrasjonen kan ikkje sjå at dei tilhøva som er tatt opp får noko følgjer for det omsøkte tiltaket.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Ansvarsområde og -fordeling går fram av gjennomføringsplan datert 23.03.2016.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av veg i eitt-trinn på gbnr 137/28 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i vegplan datert 23.03.2016, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, jf SAK § 9-3.**
- 3. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med godkjent reguleringsplan.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1049

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisera attståande arbeid, stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Rekkefølgekrev i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Reigstad Bygg og Eigedom AS

Osterfjordvegen 5914

ISDALSTØ

